


Lars Mjøs
Tveitavegen 6
5282 Hosanger

Til medlemmene i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune


Hosanger 25.08.2019

**Evaluering av omlegginga av fv 567 i Hosanger
Sak i kontrollutvalet 02.09.2019**



Den 05.11.2018 sende eg Statens vegvesen (SVV) eit notat: **Nokre refleksjonar/innspeil til evaluering av omlegginga av fylkesveg 567 gjennom Hosanger.** Vegomlegginga var fullført til sommaren 2016. Etter fleire purringar fekk eg pr 27.03.2019 ein epost om at dei i praksis ikkje ville svare. Etter å ha varsla ei rad offentlege instansar engasjerte Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seg. Då bestemte SVV seg for å svare.

Den 20.08.2019 fekk eg svar frå SVV. Den 19.08.2019 leverte Fylkesrådmannen kontrollutvalet eit notat basert på svaret frå SVV. Om føremiddagen 22.08.2019 vart saksførelegg og aktuelle brev og notat lagt ut/send til medlemmene i kontrollutvalet. Det var ikkje mogeleg for meg å kome med mine tilbakemeldingar innan ein så kort frist. Difor sender eg no mine tilbakemeldingar direkte til medlemmene i kontrollutvalet.



Å påpeike kontrakts- og regelbrot og ulovleg dumping får i praksis ingen konsekvensar. Vegeigar Hordaland fylkeskommune stolar på SVV. Vegvesenet stolar på entreprenør Vassbakk og Stol. Ingen andre styresmakter grip inn. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har sett på saka, men sekretariatet for utvalet foreslår at utvalet vedtek at dei «ønskjer ikkje å bruke meir ressursar på å følgje opp denne saka, m.a. sett opp mot andre viktige saker framover, og seier seg ferdig med saka.»

«Alle» skuldar på at dei ikkje har tid til slikt no som dei arbeider med å omorganisere fylkeskommunen.

Nedanfor kommenterer eg først kort nokre av punkta som SVV har kommentert i brev av 20.08.2019 til mitt innspel av 05.11.2018. Lenger ned kjem noko fyldigare kommentarar.

Kortkommentarar

Eg har peika på at for dårlig kartlegging av kvaliteten på steinmassene i fjellskjeringa førte til kostnadsauke.

SVV prøver og å legge skuld på kommunen: «*Det var i tillegg utfordringer ved at kommunale kart ikke hadde god oversikt over kabler og rør i området.*» Men dei nekta å ta imot og nyttja ikkje informasjon frå grunneigar.

Eg har påpeikt manglande universell utforming. Rullestolbruksarar møter fleire plassar for høge fortauskantar.

Naust som vart flytta, skulle stå på gråsteinsmur, men vart plasserte på skjemmande betongklossar i strid med vernereglane. SVV har inga forklaring på kvifor.

I kontrakten står at entreprenøren skal ta vare på matjorda og stelle denne godt. Eg har dokumentert at det her var klare brot. SVV vel å stole på entreprenøren.

SVV la om fleire hundre meter med relativt ny, brei og oversiktleg veg i nordre del av området. Denne kostnaden vert grunngitt med «faglig vurdering».

SVV svarer ikkje på spørsmålet kvifor ein har droppa fortau innanfor delar av anleggsområdet/ området for ny veg og kvifor det som kunne ha vore nytta som fortau, er gjort utilgjengeleg (dekka med grov pukk/ jordmassar). Det kjem heller ikkje fram korleis, og av kven, desse vurderingane er gjort.

Entreprenøren hadde kontraktsmessig plikt til å levere overskotsmassar til godkjend deponi. Blanda massar og steinmassar vart deponerte 3 ulike plassar i nærleiken. SVV svarer ikkje på om desse var godkjende; dei stoler på entreprenøren. Eitt av deponia var ei enorm steinfylling i Mjøsvågen (tenkt som ny avkøyring til Refsneset). Om denne skriv «Plan og forvaltning i Bergen» i SVV i eit brev 27.02.2018: «*Før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Vi kan ikkje finne dokumentasjon på dette i våre sakssystem.*»

Når ein kører ned Øvsthusvegen og inn på fylkesvegen, er det dårlig sikt p.g.a. ein bakketopp på den nye fylkesvegen. SVV skriv: «Veganlegget er utformet slik det er prosjektert. Veganlegget er prosjektert av vegfaglig konsulent med kompetanse i vegprosjektering.» Eg har målt og det er rett at «høybrekket» er laga der det er prosjektert. Men kvifor vart ikkje dette prosjektert 30 m lenger sør ved avkøyringa mot vest og med 30 m betring av sikten?

I ei kulturminnefråsegn til ein søknad om bygging av naust på vestsida av Mjøsvågen skriv fylkeskonservatoren 23.02.2018 «*Vi ber om at planarbeidet legg særleg vekt på nærmiljøverknad til Hosanger kyrkjestad og Mjøsvågen som er regulert til omsynssone, vern.*» Men me kan ikkje finne at Fylkeskonservatoren har uttala seg om den svært store og skjemmande fjellskjerings- og fyllinga like ved. Desse dominerer langt meir en det omsøkte tiltaket i den andre saka.

Noko fyldigare kommentarar:

«Årsaken til at kostnadene ble noe høyere enn kostnadsoverslaget var at kvaliteten på steinmassene i fjellskjeringen var dårligere enn antatt.»

Kommentar: Det betyr at forarbeidet utført av SVV ikkje var godt nok. Ein konsekvens var at ein mangla stein til andre delar av anlegget og måtte kjøpe inn store mengder stein i ein tidleg fase. Seinare i anleggsfasen fekk ein utfordringar med store overskottsmassar Stein.

«Det var i tillegg utfordringer ved at kommunale kart ikke hadde god oversikt over kabler og rør i området.»

Kommentar: Me var fleire grunneigarar som tilbaud oss å orientere på førehand om kablar og røyr, men me vart ikkje kontakta. Sjølv ville eg som grunneigar legge ved kontrakten med SVV både kart og skriftleg orientering om kablar og røyr, men fekk «aller nådigst» berre legge ved den skriftlege delen. Seinare erfarte eg at anleggsleiar ved SVV og entreprenøren ikkje kjende til denne skriftlege orienteringa om kablar og røyr.

Ved ikkje å ha kartlagt mest mogeleg av kablar og røyr på førehand, var det ikkje vanskeleg å sjå situasjonar som førte til at kostnadene vart høgare.

Pkt 1. Manglande universell utforming.

«På vestsiden av fylkesvegen ved profil 510 (visavis T-kryss for Øvsthusvegen) møter gamlevegen fortau med en gruslagt skråning. Her kan det kanskje være mulig å komme forbi kantstein.»

Kommentar: Dette er mogeleg med sykkel, men ikkje med elektrisk rullestol.

«Ved kryssområdene er det korte frisiktlengder, slik at tilrettelegging for kryssing kan være forbudet med trafikksikkerhetsrisiko.»

Kommentar: T-krysset for Tveitavegen der det og er busstopp i begge retningar, er det mest brukte kryssområdet. Her er det ikkje kort frisiktlengde. Her burde det vore både nedsenka fortauskant, fotgjengarfelt og fartshindrande tiltak.

Konklusjon: Krav om universell utforming er ikkje tilfredsstilt.

Pkt. 2. 2 naust som vart flytta, stod på gråsteinsmurar og står no på betongsteinsmurar. Dette er i strid med vernebestemmelsene i gjeldande

reguleringsplan for Hosanger sentrum

Sjå kortkommentaren.

Konklusjon: Brot på vernereglane.

Pkt. 3. Dominerande stålrekvværk.

Konklusjon: Ulikt syn på saka.

Pkt. 4. Nedgraving /ikkje ivaretaking av matjord.

Sjå kortkommentaren.

Konklusjon: Kontraktsbrot.

5. Kvifor vart fylkesvegen forbi prestegarden lagt om på nytt etter at han var lagt om for nokre år sidan?

Kommentar: Det hadde vore interessant å visst kva denne omlegginga kostar. Eg trur det hadde vore mykje betre å nytte desse pengane til andre tiltak.

Konklusjon: Ulikt syn på saka.

6. Manglande skilting av gang- og sykkelisti.

7. Gamal Tveitavegstubb.

Kommentar: Me avventar.

8. Fortau er ikkje opparbeidd nær murhuset.

Konklusjon: SVV svarer ikkje på spørsmålet kvifor ein har droppa fortau innanfor delar av anleggsmrådet/ området for ny veg og kvifor det som kunne ha vore nytta som fortau, er gjort utilgjengeleg (tildekking med grov pukk/ jordmassar).

9. Steindeponi øvst i Hoshovdelia.

Konklusjon: SVV svarer ikkje på om dette er eit godkjend deponi. Og om det ikkje er det, har SVV forsømt sin plikt til å overvake at entreprenøren tilfredsstiller vilkåra i kontrakten.

Pkt. 10, 11, 12.

Kommentar: Positivt at SVV vil følgje opp.

13. Blindhed/ bakketopp ved Tinghaugane.

Sjå kortkommentaren.

Konklusjon: Vegen kunne vore utforma slik at tryggleiken vart vesentleg betra.

14. Avkøyrsla/ fyllinga for veg til Refsneset.

Sjå kortkommentaren.

Konklusjon: Fylkeskonservatoren har ikkje vore inne i biletet i samband med bygginga. Det er ikkje innhenta løyve frå SVV i samband med arbeidet.

15. Kva «godkjenning» av skjeringa m.o.t. natur- og kulturmiljø ligg føre?

Kommentar: Det er rart at SVV kan gjere som dei vil medan andre som vil gjere tiltak rundt Mjøsvågen må gjennomføre tiltaka under strenge restriksjonar. Den store skjeringa er svært skjemmande.

Konklusjon: Fylkeskonservatoren har ikkje vore inne i biletet i samband med bygginga.

16. Massedeponi på Hoshovde

Konklusjon: SVV svarer ikkje på om dette er eit godkjend deponi. Og om det ikkje er det, har SVV forsømt sin plikt til å overvake at entreprenøren tilfredsstiller vilkåra i kontrakten.

17. Høymoler. Manglande stell

Konklusjon: SVV har forsømt sin plikt til å overvake at entreprenøren tilfredsstiller vilkåra i kontrakten.

18. Var det naudsynt med/ kva dispensasjonar frå tryggingsreglar var gitt for å kunne utføre det svært utfordrande arbeidet som var gjort i den store skjeringa på vestsida av Mjøsvågen?

Kommentar: SVV har ikkje svart direkte på om dispensasjonar frå tryggingsreglar var naudsynte. Det er irrelevant for risikovurderingane om entreprenøren likevel var heldig og ikkje hadde uhell.

19. Manglande oversyn over leidningsnettet i bakken.

Sjå kommentar i innleiinga.

Meir generell kommentar til svaret frå SVV og til Fylkesrådmannen sin kommentar

-Henvisinga til at det generelt er avvik og vedlikehaldsetterslep på vegnettet i Hordaland er lite truverdig argument. Praksis er at ved alle nye prosjekt skal ein heilt ut tilfredstilla krava og dette gjeld i særleg grad om det er private som er utbyggjarar. Kritikken her gjeld utføringa av prosjektet og ikkje manglande (nytt) vedlikehald etterpå. Det er difor feil å visa til generelle kapasitetsutfordringar. Dessutan fell mykje av svaret på entreprenøren slik at oppretting ikkje vert kostnadskrevjande for HFK eller SVV.

-SVV erkjenner på fleire punkt at kritikken er berettiga, men kjem ikkje med noko forslag til korleis sakene skal rettast opp i, eventuelt kva avklarande dialog som kunne vera nyttig.

-Ved bruk av generelt travelhetsargument og fokus på kor mange prosjekt dei har så underkjenne HFK/SVV at på mange tema er det truleg at arbeidsdeling og oppfølging ikkje er optimal og at ved å ta tak i status her kan ein få nyttig generell læring nettopp for alle dei andre prosjekta.

-Ein del av oppfølgingskritikken gjeld jo eigentleg også Osterøy kommune som planmynde med meir sidan dei ikkje har vore aktive i å passa på at det vart bygd etter planane og korleis revurderingar og kompromiss vart gjorde på forsvarleg vis.

Det aller viktigaste, og der fylkeskommunen og SVV må ta tak er:

-Reell overvaking av underliggjande nivå i eit slikt prosjekt, både SVV og entreprenør. Sjølv om det er ansvarleggjering og ein vil unngå dobla administrasjon, så held det ikkje å «stola på» dei under seg, og særleg når vesentlege avvik er registrerte.

-Sakshandsaminga/utfalla rundt store inngrep som fyllingar, deponi og manglande fortau

-Trafikktryggleik, både siktliner og fortauskantar.

Venleg helsing Lars Mjøs